



Uskedalen på veg inn i 2010 fotografert av Knut A. Myklebust

Nyårshelga har ein tradisjon som avspeglar det som er fortalt om jula. Ettersom høgtidene er nærliggande i tid, kom jula til å ha ein sterk innverknad på tradisjonane, tru og skikkar.

Folketradisjonen seier noko om vermerke og inngangen til eit nytt år. Slik veret er fyrste nyttårsdag, skal det verta i januar månad. Slik veret er andredag, skal det vera i februar. Vi kan vel trygt sei at dette vermerke slo til for fullt i 2010 med kaldt og fint ver 12 veker inn i det nye året.

Mange stader i landet skaut dei både på juleafta og på nyårsafta. Det er rekna som det tidspunktet då helga tek til. Tradisjonen finn vi framleis ved tenning av fyrverkeri, då vi stimar ut store og små for å sjå, takkar for det gamle og ynskjer alt godt i året som kjem.

Private selskap og offentlege tilskipingar når sitt høgdepunkt og vi går til sengs med tankar om å bli eit betre menneske, det mange kallar for nyttårsforsett.

Folketradisjonen fortel frå Hardanger at på nyårsafta jamna matmora oska frå grua utover med hendene. Morgonen etter, før ho fyrte opp, såg ho om det var mannefar i oska og korleis dei snudde. Vende fara mot døra, kom einkvan i huset til å falla frå. Låg dei den andre vegen, kunne dei venta barn. Dersom oska lågjamnt utan merke, ville alt bli som før.

Det er ein avgrunn mellom vår tid og ålvoret som kjem fram i hendinga frå Hardanger. Uansett er vi alle ein del av tradisjon og nedervde skikkar. Matmora i Hardanger hadde sine teikn og varsel om det nye året. Vi har våre ynskje og tankar om året 2011.

Godt år !
Av Kristian Olav Bringedal